



Besøket i TI-aren har vore svært bra denne hausten. Her er det husnesingar som er innom. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiar Gunnar Myklebust i Uskedal Utvikling har no søkt kommunen om midlar frå løyvinga til frivillige tiltak til vidare drift av Cafe TI-aren i gamleskulen.

Han opplyser at dette er ein dugnadsbasert kafe som blir dreven på omgang av 27 damer og som har ope kvar tysdag frå 11 til 15.

Namnet kjem av at uansett kva sin skal kjøpa, kostar det berre ti kroner fordi dette skal vera ein sosial samlingsstad der alle skal ha råd til å gå.

TI-aren har no vore i drift over eit år og den har stadig aukande besøk av folk i alle aldrar. Mange er eldre, men kafeen fungerer også som ein stad for småbarnstreff, påpeikar Myklebust.

No treng Uskedal Utvikling midlar for å kunne vidareføra drifta av kafeen. Mattilsynet krev at dei går til innkjøp av godkjent oppvaskmaskin og det er også behov for bord og stolar.

Myklebust oppgjev kostnaden til 19.900 for møblane og 27.000 for oppvaskmaskinen.

Det siste året har dei lånt bord og stolar frå Aktivitetshuset, opplyser leiaren i søknaden. Men no når dette skal ferdigstillast må dei levere dei tilbake.

TI-aren har tidlegare fått 10.000 av kommunen til føremålet, men har behov for 19.900 kroner for å få kjøpt tilstrekkeleg med møblar.

Av Ola Matti Mathisen